

Referat frå elevrådet , måndag 15.01.24

Saker:

1. Informasjon om skulebruksplanen til Stord kommune:

Grunna därleg økonomi vil politikarane på Stord sjå nærare på kva skular på Stord som treng vedlikehald og om oppussing, og om det er skular ein kan slå saman eller leggja ned.

På torsdag i denne veka skal Leanda og Marie frå elevrådet vera med på møte i Leirvik skule sitt samarbeidsutval., der er rektor, tilsette, foreldre og ein politikar også med.

SU ved Leirvik skal laga ein uttale som ein sender til kommunen.

Elevrådet vil at SU skal skriva at Leirvik skule treng oppussing og nybygg, eller at me får overta Stord vidaregåande skule. Men det må uansett vera ein skule i området her som heiter Leirvik skule. Me vil ikkje slå saman skulen med andre. Det vil bli ein for stor skule. Elevrådet synest og det er viktig at flest mogleg kan sykla eller gå til skulen. Skulevegen må vera trygg.

2. Andre saker:

- Ordne gjerdet ved grusbanen
- Ordne klossar i klatreveggen og sikre gjerdet på toppen
- Er det mogleg å få tau og liknande i skogen oppe ved grusbanen?

Referent

Leanda